


Fornybarsatsing samanlikna med oljesatsing

Dette er ei oversikt med nokre nøkkeltal som illustrerer kor mykje pengar Noreg satsar på fornybar energiomstilling samanlikna med olje og gass. Framstillinga er ikkje fullstendig, men er eit utval som synleggjer energipolitiske prioriteringar. Tala kan variere noko frå år til år, men er frå pålitelege kjelder.

For kvar krone som blir investert i fornybar energi i Noreg, investerer vi 25 kroner i olje og gass

På verdsbasis i 2015 gjekk 23 av 100 investerte kroner til fornybar energi. I 2025 er talet 46 kroner globalt, men i Noreg gjekk derimot berre 4 av 100 kroner til fornybar energi – både i 2015 og 2025.¹



Oljeselskapa investerer 275 milliardar i fossil energi

I 2025 investerte oljeselskapa 275 milliardar i olje og gass, der staten tar 90% av kostnadane.² Investeringane i 2026 teiknar til å bli om lag det same.³ Regjeringa hevdar at oljesatsinga er i tråd med Parisavtalen, men dette er svært omdiskutert og blir tilbakevist både av forskarar og miljøorganisasjonar.⁴

Noreg investerer 6 gonger så mykje i olje som i all anna industri

I 2025 var samla investeringar i norsk industri 45,5 milliardar.^{2,3} Vi investerte 6 gonger så mykje i olje. ($45,5 \cdot 6 = 273$) Denne oljesatsinga hindrar fornybar omstilling og låser kapital og fagfolk til ei næring som vi må avslutte innan få tiår. Dette inneber også aukande risiko for økonomiske tap, for klima, natur og folkehelse, og for internasjonale erstatnings-søksmål.



Staten gir oljeselskapa 150 milliardar i investeringsstøtte og 100 milliardar i subsidiar kvart år

Prof. Knut Bergo ved Bedriftsøkonomisk Institutt skriv: «Petroleumsskatteloven er et finansieringssystem, og ingen vanlig skattelov. Den har ført til at staten har bidratt med 93–87 % av risikokapitalen til selskapenes investeringer på sokkelen, mot å få en 78 % andel av selskapenes overskudd. Dette utgjør årlig direkte og indirekte subsidier for mer enn 100 milliarder og investeringsstøtte på rundt 150 milliarder.»^{5,6} Koronaskattepakken gav i tillegg endå større fordelar til oljeselskapa enn det dei hadde frå før.⁷

Enova sitt budsjett er redusert i 2026

Statens viktigaste verktøy for klima- og energiomstilling, Enova, har fått redusert budsjettet med 1,9 milliardar ned til 7,2 milliardar i 2026.⁸

Staten betalar 7 milliardar i CO₂ kompensasjon til industriselskap

Norsk industri må betale CO₂ - avgift, og kompensasjonsordninga skal hindre at selskap flaggar ut. Equinor, Hydro, Elkem, Alcoa m.fl. mottok store summer, men frå 2026 må selskapa legge fram planar for utsleppsreduksjonar for å få pengar. Mange meiner likevel at slike planar blir for uforpliktande.⁸ Denne ordninga er også regjeringa si grunngjeving for å redusere budsjettet til Enova.

Noreg satsar på olje og kjøp av klimakvoter og brukar lite på å oppnå nasjonale klimamål


I Hurdalserklæringa i 2021 sa regjeringa at Noreg skulle ta alle utslepp heime, omstille Noreg, og ikkje kjøpe kvoter. I klimameldinga 2025 derimot, vil ikkje regjeringa ha nasjonale klimamål. Vi skal redusere utslepp «saman med EU» som det heiter.⁹ Vi kjøper EU-kvoter for 3,7 milliardar pr år, og vi har eit budsjett på 15 milliardar til kjøp av FN-kvoter fram til 2030. Vi gir også 15 milliardar i bistand til utsleppskutt i fattige land pr. år, men effekten av klimabistand er utfordrande å måle nøyaktig.¹⁰ Det store biletet er altså at staten blir opp 150 milliardar i investeringsstøtte pluss 100 milliardar i subsidiar til olje, men berre 22 milliardar til omstilling. (Enova+klimabistand = 7+15)¹⁰

**Fargane indikerer effekt på
utsleppsreduksjonar og omstilling**

**Høgda på søylene viser
nkr. i milliardar**



Raudt- ingen eller negativ effekt
Gult - noko effekt
Grønt - god effekt



Kjelder

1. [Ei krone til fornybar energi – 25 kroner til olje og gass.](#) Øystese, E&K 16.10.2025.
2. [Høyere anslag for oljeinvesteringene i 2026.](#) Andreassen, SSB 13.11.2025.
3. [Høye industriinvesteringer for 2025 og 2026.](#) Andreassen, SSB 13.11.2025.
4. [Paris-vennlig olje?](#) Sognnæs og Peters, E&K 4.12.2025.
5. [Petroleumsskatteloven.](#) Bergo, Kritisk juss, 2.12.2024.
6. [Jo visst er oljenæringen subsidiert.](#) Jørgensen, Bjønnes, Bergo, Dagens Næringsliv 25.05.2025.
7. [Oljeskattepakken gir store oljesubsidier gjennom et helt tiår.](#) Valset, DN 15.10.2024.
8. [Statsbudsjettet, de viktigste klimasakene.](#) Øvrebø m.fl, E&K 15.10.2025.
9. [Kraftige reaksjoner på at regjeringen ikke legger frem mål -](#) Elster, NRK 10.04.2025
10. [Klimabistand i 2025.](#) Norad 2026.